

## Saksprotokoll i fylkestinget - 15.06.2016

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

3. Endeleg framlegg til bompengesatsar vert fremja først når det er klart om planprogrammet er i tråd med Stortinget sitt klimaforlik med gjennomgåande kollektivtrasé og muligheit for skinnegåande transport.
4. Fylkesutvalget er åpen for, og ønskjer velkommen, nye og smartare modellar for å bygge og vedlikehalde veg, slik at vi får meir effektiv vegbygging og effektivt vedlikehald. Fylkesutvalet er imidlertid skeptiske til at Sotrasambandet skal verte bygd ut som ei OPS-utbygging. OPS er ikkje ein framtidssretta og moderne måte å finansiere samferdselsprosjekt på. Privat lånefinansiering av veg er dårleg forvaltning av fellesskapets pengar, og privat finansiering av offentlige veganlegg gir større finanskostnadar som til sjuande og sist må verte betalt av fellesskapet."

**Gustav Bahus (Frp)** sette fram slikt forslag:

"Alternativ:

Fylkestinget er positiv til utbygginga av Rv 555 Storavatnet-Kolltveit Sotrasambandet.

Fylkestinget ser ikkje at nokon av dei tre skisserte alternativa er tenlege for prosjektet. Sotrasambandet er viktig i nasjonalt perspektiv, og fylkeskommunen må syta for at auka statleg finansiering sikrar fullfinansiering av Sotrasambandet."

**Stein Inge Ryssdal (H)** sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 2:

Fylkestinget sluttar seg til prinsippa for delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet som skildra i notat av 3.2.2016, kap. 2.1 - med tilrådd plassering av bomstasjonar/bomsnitt etter prinsipp 3, dvs. **med einvegs eller** tovegs bompengeinnkreving i snittet mellom Bergen og Sotra, med bomstasjonar på nye og gamle Sotrabrua, med same takstnivå i begge punkta og ordinære rabattordningar i tråd med gjeldande retningsliner. Fylkestinget ber om at desse føresetnadene vert lagt til grunn for utarbeiding av endeleg bompengesøknad.

### Røysting

Bahus sitt forslag fekk 8 røyster (Frp, R) og fall.

Innstillinga punkt 1 vart vedteken mot 8 røyster (Frp, R).

Ryssdal sitt forslag til punkt 2 fekk 40 røyster (H, A, KrF, Sp) og vart vedteke.

Hammer sitt forslag om tilleggspunkt 3 fekk 9 røyster (SV, V, MDG) og fall.

Hammer sitt forslag om tilleggspunkt 4 fekk 4 røyster (SV, R) og fall.

### Vedtak

1. Fylkestinget er positiv til å delfinansiera utbygginga av Rv. 555 Storavatnet - Kolltveit, Sotrasambandet, med bompengar.
2. Fylkestinget sluttar seg til prinsippa for delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet som skildra i notat av 3.2.2016, kap. 2.1 - med tilrådd plassering av bomstasjonar/bomsnitt etter prinsipp 3 med einvegs eller tovegs bompengeinnkreving i snittet mellom Bergen og Sotra, med bomstasjonar på nye og gamle Sotrabrua, med same takstnivå i begge punkta og ordinære rabattordningar i tråd med gjeldande retningsliner. Fylkestinget ber om at desse føresetnadene vert lagt til grunn for utarbeiding av endeleg bompengesøknad.